



Vert det fartsgrense på 40 eller 50 her? Biletet er teke ved gardsbarnehagen

Uskedalen Bondelag med støtte av gardsbarnehagen ynskjer redusert fart på Kjerlandssido då dei lenge har sett med uro på at vegstrekket frå fylkesveg 48 til krysset med fylkesveg 47 på Haugland har 80 som fartsgrense. Bondelaget ser for seg ei fartsgrense på maksimum 40 eller 50.

Bondelaget syner til vegstrekket i Dimmelsvik frå bensinstasjonen og opp til Hjelmeland der det er innført 50 og skilta med gardstun fleire stader slik det skal gjerast. Og i Uskedalen er det langt fleire omsyn å ta.

Olav Hjetland Bringedal og Hans Reidar Kjærland skriv til kommunen at dei som bur langs vegen dagleg ser svært høg fart på mange kjøretøy. Fleire småbarnsfamilier bur tett inntil vegen og bedehuset og Stemneplassen ligg tett inntil han. Bedehuset vert nytta kvar veke. Og det er byggjefelt som ligg langs vegen og her ferdast born og vaksne til og frå dagleg.

Bringedal og Kjærland visar og til Dønhaug Gjestegard og gardsbarnehage. Den siste har lenge vore ottefull for at noko skal skje. Lenger oppe ligg fleire gardstun tett inntil vegen og sau og storfe skal kryssa han fleire gonger dagleg i delar av året.

I tillegg eig eller paktar dei fleste bøndene eigedommar langs vegen og må nytta han til transport av for og gjødsel. Det er ikkje enkelt med ei fartsgrense på 80 og det har vore nestenulukker ved fleire høve. Vegen rundt dalen vert også svært mykje nytta av bygdefolk og tilreisande som tur-, sykkel- og treningsveg. Dette er til tider med livet som innsats, held Bringedal og Kjærland fram.

Dei peikar også på at born skal ferdast dagleg til og frå skulen, Vegen er så smal at det ikkje er plass til fotgjengarar, men det er ikkje plass andre stader enn langs vegen, Ei fartsgrense på 80 i slike områder er heilt uforsvarleg.

Styrrar Helene Huse Bjørnebøle ved gardsbarnehagen støttar forslaget og vil på det sterkaste anbefala at fartsgrense vert sett ned, Dei har 21 born og det er auke i trafikken med store og små køyrety. Farten er mange gonger høg. Barnehagen er mykje på tur og nyttar ofte vegen for å nå turmåla.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen